


Kyrkjehola Kulturbeite

Føremål med programmet


- ☘ Kyrkjehola Kulturbeite har ambisjonar om å bli eit attraktivt utstillingsvindauge for eit breitt spekter av kreativ aktivitet. Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan kunstartar som musikk, litteratur og biletkunst
- ☘ Vi ønskjer å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i vårt eige distrikt.
- ☘ Vi ønskjer at dette kan medverke til ei positiv markering og synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

På arrangementa i Prestestova 25.6. (to konsertar), 10.8. og 27.8. er det plass til 50 tilhøyrarar på kvar førestilling. Vi trur det fort blir utselt. Førehandsbestilling av billetter på telefon 70 27 91 23, eller på e-post adresse oppvekstetaten@stordal.kommune.no

Kulturprogrammet er støtta av:



Dyrkorn Regnskapskontor AS
6250 STORDAL



HELLAND
KUNSTBANKMØBLER



Hjellegjerde

STORDAL
STORDAL MØBLER AS
N-6250 Stordal

joker
Jørgen Vinje AS
- din jokerbutikk

SMARKED
STORDAL HANDELSLAG



STORDAL KOMMUNE
- der folk trivst



STAVSENG
STAVSENGS
INGENIØRFIRMA AS

Giv mig Lyd, saa vil jeg sjunge

«Portrett av kvedarar, spelemenn og diktarar frå Storfjordbygdene
Eit musikalsk og historisk attersyn ved Ingunn Linge Valldal og Jostein Fet
PRESTESTOVA, SØNDAG 27. AUGUST KL. 19.30



Jostein Fet



Ingunn Linge
Valdal

Jostein Fet er fødd 1924 i Sykkylven. Han har vore undervisningsleiar og dosent ved Høgskulen i Volda og er no seniorforskar der. Han har skriva mange bøker om kulturhistoriske emne. Hovudarbeidet hans er avhandlinga *Lesande bønder* (1995) der han m.a. viser at allmugen var lesekyndig eit hundreår tidlegare enn det ein vanlegvis har trudd.

Som pensjonist har Jostein Fet særleg arbeidd med folkemusikken. Han er sjølv aktiv folkemusikar. Frå 1990 har han vore leiar for Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal, som er plassert ved Høgskulen i Volda. Arkivet er blitt eitt av dei største i landet, med ca. 25.000 registrerte melodiar. I 1999 gav han ut *Folkemusikken i Møre og Romsdal*,

ei vakker bok som er rekna som eit standardverk om folkemusikken på våre kantar.

Ingunn Linge Valdal har folkemusikkbakgrunn frå tradisjonsområda i indre Storfjord. Ho fekk lære tradisjonen frå heimbygda Valldal, direkte frå den siste tradisjonsberaren der, Petter Berli. Etterkvart har ho brukt denne musikken i ulike samanhengar, både i duoen *Ferdafolk* og i bandet *Grunnlaget*. Målet for begge desse gruppene er å formidle den gamle musikken på ein ny måte til folk flest. Saman med Knut Ivar Bøe gav ho ut CD'en «*Ferdafolk*» i 1997. Dei har turnert flittig i fleire land. Ingunn er til dagleg frilans møremusikar, og har elles ei halv stilling som musikkskulelærer.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

STORDAL BYGDETUN

FORTIDSMINNEFORENINGA

Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring



Rosekyrkja frå 1789.



Prestestova er bygd ca. 1850.



Løsetstova kjem som namnet seier frå garden Løset i Røysetdalen. Dette er ei typisk sunnmørsstove, som vart bygd på 1790-talet.



Stabburet kjem frå garden Busengdal og er bygd ca. 1750

Desse to bygningane er eigd av Fortidsminneforeninga.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

KYRKJEHOLA KULTURBEITE

STORDAL BYGDETUN

KULTURPROGRAMSOMMAREN 2000

Ein musikalsk sommarbukett

Ann-Mari Edvardsen - sopran, Odd Johan Overøye - klaver
PRESTESTOVA, 25. JUNI KL. 18.00 OG 21.00



Ann-Mari Edvardsen

I "Kyrkjehola Kulturbeite" sitt opningsarrangement er vi stolte av å kunne presentere Ann-Mari Edvardsen, ein av våre mest lovande unge sopranar. Ann-Mari har sunge leiande opera- og oratorieroller over heile landet, og er også ein dyktig "cross over artist" med bakgrunn frå jazz og rock. Som bandartist har ho gjeve ut fleire plater og turnert i mange europeiske land. Frå hausten er Ann Mari teken opp som student ved den prestisjetunge operahøgskulen i Stockholm.

Vi møter henne i eit fargerikt program med høgdepunkt frå opera, Lied -og Broadway-repertoaret, med sommaren og kjærleiken som ledetråd. Verk av mellom andre Bernstein, Puccini, Weill, R. Strauss, Schumann og Grieg.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Publikum får også høyre musikk signert konsertens akkompagnatør, Odd Johan Overøye frå Stordal, - freelancemusikar og komponist med base i Trondheim. I vårt distrikt er han kanskje mest kjend for sitt arbeid med vokal folkemusikk frå sunnmørsbygdene, mellom anna dokumentert gjennom CD'en *Songen langs fjorden*. Innspelinga vart i avisa Vårt Land vart kåra til årets korplate i 1995. Overøye er også førsteamanuensis i arrangering/komponering ved NTNU - Musikkonservatoriet i Trondheim.



Odd Johan Overøye

Mitt Skottland

Fotoutstilling
Neil Davey

PRESTESTOVA 15.- 26.JULI



Neil Davey

Neil Davey er ein ung skotsk fotograf som neste år vil avslutte si formelle utdanning i Edinburgh. Han vitjar Stordal i sommar, og er oppmoda om å vise fram nokre av sine arbeid. Som i anna biletkunst, vel fotografen motiv og komponerer bileta for å formidle opplevingar gjennom sitt formspråk. Neil Davey har arbeidd mykje med portrettfotografering og med fotojournalistikk, men har si hovudinteresse

i skildring av landskap og stemningar i natur, arkitektur og folkeliv.

På denne utstillinga vil han vise fram korleis han ser landet sitt, hovudsakleg gjennom landskapsbilete. Bileta vil vere til sals.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Med slipestein og ljå

Ei gjenskaping av livet kring ei sunnmørsstove slik det kunne vere i eldre tider
Kirsten Ludviksen m/fl.

BYGDETUNET 20. AUGUST KL 11.00 - CA 16.00

Det fine bygdetunet kring Løsetstova er i seg sjølv ei oppleving å vitje. Men korleis var livet i og ikring slike heimar i «gamle dagar»?

Saman med lokale personar vert vi tekne med tilbake i tid for å oppleve ein dag slik den kunne vere. Kva slags arbeid vart utført på garden, kven gjorde kva, kva med tenestefolk, kva med kårfolk...? Kva gjorde barna i arbeid og lek...

Kva slags mattradisjonar hadde ein? Korleis vart ressursane utnytta? Var det ein kjøp og kast mentalitet? "Frå utsida" kan vi altså følgje livet på garden akkurat denne dagen.



Kirsten Ludviksen

Til ettertanke...

Veggrelieff i metall
Kjell Gunnar Overøye

LØSETSTOVA, 29. JULI - 13. AUGUST



Kjell Gunnar Overøye

Kjell Gunnar Overøye kombinerer ulike metall der teknikkar som etsing og patinering blir brukt i materialbearbeidinga. Gjennom ulike overflatebehandlingsteknikkar blir til dømes kontrastar mellom det blankpolerte og det rustikke eit verkemiddel i ein skapande prosess, der utforskning av materiale og uttryksform er viktig.

Overøye søkjer å kombinere eit konstruksjonsmessig uttrykk med reine liner og nakne flater i kontrast til innslag av organisk liv som kan gi rom for assosiasjonar til mystikk og symbolikk.

Kanskje kan arbeida vere til ettertanke.

Kjell Gunnar Overøye vil stille ut 10 - 15 arbeid. Dei fleste av desse vil vere til sals.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Lys over landskap

Maleri og grafikk
Hallvard Hatlen

PRESTESTOVA, 29. JULI - 13. AUGUST

Hallvard Hatlen arbeider med maleri og grafikk i eit naturalistisk, litt «klassisk» formspråk. Motiva tek han som oftast frå fjellandskapet i Romsdal. "Jeg blir stadige overveldelet av naturen og opplevelsen av hvordan «den lever», eller «skifter», seier han.

«Farger er lys som jeg forsøker å fange inn. Lyset og stemninger i all slags vær, til ulike tider på døgnet og til ulike årstider. Jeg etterstreber en slags realis-

me i lys og farger, men forsøker å la «tegningen» i motivet være forenklet. Som maler og grafiker arbeider jeg litt på samme måte med begge teknikkene. På samme måte som grafikken er laget av mange plater med ulike farger som er trykket opp på hverandte.»

Arbeida er till sals.



Hallvard Hatlen

- kvite kråker over bakarens hus

Møte med forfatteren Marit Kaldhol
PRESTESTOVA, 10.AUGUST KL. 20



Marit Kaldhol

Marit Kaldhol har gitt ut diktsamlingar og ein poesiroman for vaksne. Ho har også gitt ut dikt, forteljingar, noveller og ein roman for barn/ungdom. Tekstane hennar er også etterkvart blitt representerte i ei rekkje antologiar og norskverk både for grunn- og vidaregåande skule.

Mest kjend er ho kanskje for barneboka *Farvel, Rune*. Marit Kaldhol brukar eit ekspressivt og sanselig språk som er visuelt og godt å smake på. Med få og enkle ord klarer ho å seie noko om det som er viktig mellom menneske. Ho har også ei eiga evne til å understreke det som ikkje vert sagt.

Ho har motteke to internasjonale litteraturprisar: Premio Europeo Pier Paolo Vergario og Deutsche Jugendlitteraturpreis. Ho har også fått Ålesund bys kunstnerpris.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Heksegryte

Eventyrførestilling for barn og vaksne
v/Teatret Vårt
BYGDETUNET, 27. AUGUST KL. 16

Teatret Vårt er vårt eige regionteater, som har si hovudscene i Molde. I førestillinga Heksegryte inviterer dei fire skodespelarane barn og vaksne til eventyrstund. Dei vil gjerne at innhaldet i framsyninga til så lenge skal vere ein løyndom for publikum.

Førestillinga er tidlegare vist i Molde i ein serie av eventyrstunder, som er blitt svært godt mottekne. Ein får vone på godt ver, då vi ønskjer å gjennomføre framsyninga i friluft med dei gamle bygningane som kulissar.



Gøril Haukebø



Randolf
Walderhaug



Ane Dahl Torp



Vivi Sunde